

Møtereferat

FAU - Sund ungdomskule

Dato: 14.10.25
Møteleder: Bente
Blomvågnes-Bakke
Referent: J. Håkonsund



	Representant		Vara	
8A	Marianne Glesnes		Lisbeth Hjelle	X
8B	Margrethe Fikse		Margriet Tøgard	
8C	Ingvild Bessesen Eide	X	Mariell Høyland	
8D	Roger Førde	X	Margun Wikum Olsen	
8E	Liv Toril Furuset Golf	X	Anette Hammersland	
9A	Jannicke Håkonsund	X	Kristin Skage	
9B	Charlotte Solsvik	X	Michael Grote	
9C	Luminita Simona Mihaila	X	Kari-Anne Glesnes	
9D	Hilde Bakke Howard		Joni Risa	
9E	Jeanette Forland		Cecilie Kalvik	
10A	Kjetil Klepsvik	X	Inge Vik	
10B	Jeanett Angeltveit	X	Marita Hamre	
10C	Ida Einebærholm	X	Sølve Golten	
10D	Bente Blomvågnes-Bakke	X	Miriam Haugstad Blomvågnes	
10E	Jørgen Kausland	X	Silje Bøthun	
Rekt.	Anne Hufthammer	X		
Rådg				

1. Godkjenning av innkalling, referat og saksliste – godkjent, men oppfordrar FAU-representantar om å høyra med foreldra om det er saker dei ynskjer skal bli tatt opp i FAU-møtet
2. Status arbeidsgrupper
 - a. Sponsorgruppa – ikkje noko nytt å melde sidan sist
 - b. Trafikkgruppa – Kjetil har sendt melding til tidlegare leiar for informasjon. Roger har informert FAU på Stranda barneskule om trafikkgruppa, slik at det er mogleg å få samkøyr med dei
 - c. Forsøk på å opprette kommunal FAU 27/10 - har prøvd i mange år å få det til, eit kommunalt FAU vil da kunne vere ein høringsinstans. Utfordringa er at ein må registrere dette på lik linje som vanlig FAU, med organisasjonsnummer, representantar o.l. Det krev ein del organisering. Det er spesielt vest-sida av kommunen som har engasjert seg i dette pga skulenedlegging. Oppmøte i FAU har ikkje vore så bra, så kan vere vanskeleg å engasjere seg i dette i tillegg. I 2024 var det 2 møter. Det kan vere lettare viss vi sender forskjellig person gang på gang, men at 1 person står på papiret. Gjennom ein handsopprekking vart det fleirtal i å engasjere seg i eit kommunalt FAU.

3. Informasjon frå rektor

a. Status prosjektveka – Rektor viser bilete frå framvisinga.

Positivt: Variert tilbod, men enkelte grupper er ekstra populære. Kreative vaksne, modige og flinke elevar. Mangen på scenen som fekk prøve seg.

Negativt: Ein gjeng på høgre sida av salen bråka, og forstyrra dei på scenen og publikum. Det var mykje trakking inn og ut av salen, og mykje mobilbruk. Dei har vore inne i alle klassar og snakka om dette. Har litt å jobba med, må bli eit samarbeid mellom heimen og skulen.

Anna: Fekk inn 10.467 kr på gyros og frivillig betaling. Vart sponsa 15.000 kr. Frivillig betaling burde vore meir synleg i sjølve arrangementet. Leie av panorama kostar 40.000 kr, så det dekker ikkje alt. Mange fekk ikkje med seg bodrunda på kunst.

Tilbakemelding frå FAU: Det var veldig stor forskjell på dei ulike tilboda, nokre fekk gå på Vil Vite, mens andre måtte vere på skulen alle dagar. Nokre grupper fekk også premier og gåvekort. Enkelte elever følte det vart litt urettferdig. Bør kanskje anbefale alle å slå av mobil under arrangementet, og ha nokre reglar for korleis ungdommen skal sitja. Eit forslag er at dei er med gruppene sine. Bør lære ungdommen korleis det er å vere eit godt publikum. Var kanskje litt uklart kven som hadde ansvaret for ungdommen, om det var lærarane sidan det var eit skulearrangement, eller om det var foreldra. Publikum som satt langt bak, fekk ikkje med seg alt som skjedde på scenen, som for eksempel legobygging og stormkjøkken. Forslag om at ein neste år kunne filma direkte det som skjedde på scenen.

b. Kompaniet – For 9.trinn. Hadde mange øvingar, og jobba med holdningar til elevane. Gav tilbakemelding(norm, over norm osv) med fokus på det positive. Enkelte vart veldig rørt av å få tilbakemelding på denne måten, og elevane satt pris på det.

c. Rosa dag – Inntekta går til tv-aksjonen, som handla om ungdom som er handikappet i eit krigsherja land. Veldig mange av elevane gjekk i rosa klede. Skulen hadde eit «lykkehjul» der dei kunne finne ut kva slags handikap dei hadde, og måtte ofte samarbeide med andre når dei skulle

springe. Det var konkurranse om å vinne beste klassebilde.
18.470 kr er samla inn, og 74 personar har gitt.

- d. Juleball 27.11.25 - Rektor er veldig bekymra for å få ubodne gjester, og vurderer sterkt om me verkeleg kan ha fleire ball. Juleball på torsdagar fører ofte med at lærarar må nøste opp i konflikhtar med elever fredagen. Rektor ynskjer at FAU er meir involvert.

Tilbakemelding frå FAU: Enkelte synes det er litt overdriven, og ynskjer heller å vere mindre synleg for elevane, men opplever at lærarar oppfører seg meir som politi på julebordet. Det blir nemnt at alkohol blir gøymt på skulen før ballet, som for eksempel ved bosspanna. Bør sjekke bosspann før ballet. Tips å unngå ballongar med konfetti

- e. Status Erasmusprogrammet - 2 elevar reiste ned til Spania i dag, og skal vere der i tre veker. 2 spanske elevar kjem til oss i etterkant. 7.nov reiser ein gjeng til Italia. Får besøk tilbake. Handlar om mat og kultur. Etter jul reiser ein gjeng til Brussel for å arbeida med EU.

- f. Jobbskugging – Samarbeider med ein skule i Bulgaria(naturfag og matematikk) og ein skule i Finland(lesing og skulesystemet generelt)

4. Korleis auke foreldreengasjement

- a. Sosialkveld, Knutec kan gjerne nyttast. Kan for eksempel ha korgfest og brettspel. Det kom eit spørsmål om å få til ein skidag over 2 dagar, for å byggje samhald. Rektor skal finne ut om det er mogleg.

5. Informasjon frå FAU til SU-møte

6. FAU-initierte aktivitetar

- 7. Eventuelt – Vi treng vakter til juleballet, det blir sendt ut melding på Vigilo der foreldre kan melde seg som vakt til foreldrekontakt.